

FORELDREGUIDEN OM VAL OG UTDANNING

"Det viktigaste vi kan gje ungar er eit godt forhold til seg sjølv, og til andre"

– Marco Elsafadi , s. 32



JAKTA PÅ SUPER- KREFTENE

FOR FRAMTIDAS
NORDFJORDINGAR



JAKTA PÅ SUPER- KREFTENE

Dette er oss!	4
Frå Tom-Øyvind 34 år til Tom-Øyvind 15 år	6
Mari Kvalheim: Ei av dei som torde å satse på det ukjende	8
Torbjørn Vereide: Frå bakarste benk til stortingsbenk	10
Ta eit superval i Nordfjord	12
Cirka fem på gata	14
Superskular i Nordfjord	18
Jakta på superkreftene	20
Elisabeth Hatlenes: Davikjenta som droppa ut – og inn att	22
Preben Moen: Turbodirektør med skateboard	24
Framtidas jobb	26
Visste du at ...?	28
Veronica Elde: Mellomtrinn til medisinen	30
Marco Elsafadi: Ungdomskviskraren	32
Den gode samtalen	34

Ein spesiell takk til alle intervjuobjekta og til Superadministrator Kristin Monica Tjügen for super prosjektleiing under produksjon av magasinet.

Grafisk produksjon:
Trygve Johan Solheim, Frequency.no



Saman for ei super framtid

Kvifor er det så viktig å finne superkreftene sine? Korleis kan ein finne superkrafta? Kva er eigentleg ei superkraft? Dette er nokre av dei viktige spørsmåla som danner grunnlaget for dette magasinet, og ein viktig del av svaret er foreldra til dagens ungdom i Nordfjord!

Ei superkraft er etter vår meining ein eigenskap som kan brukast for å få seg ein jobb som ein meistarar og trivst i på ein stad som ein elsker. Nokre har det kanskje i fingrane, nokre i føtene, nokre i hjartet og nokre i hovudet. Det einaste sikre er at alle har ei superkraft! Vi håper at arbeidsstaden til ungdomen din blir her i vakre Nordfjord, der vi kan by på so mykje, der vi har det so kjekt og der det er so flott! Både Nordfjord Opplæringskontor og Nordfjordakademiet er støttespelarar i jakta på superkreftene, og vi har saman eit enkelt og inspirerende slagord: «Heia Nordfjord!» Nordfjord Opplæringskontor rekrutterer og utdannar superlæringar til fagbrev i superbedrifter og kommunar i heile Nordfjord. Vi kallar det «superlærling» fordi vi set svært høge krav til alt frå bedriftene, læreplanane, fritidsaktivitetane, kurstilboda, instruktørane og rådgjevarane. Heile reisa skal rett og slett vere super! No har vi på få år gått frå 0 til over 200 superlæringar i Nordfjord, og desse er utruleg flinke!

Nordfjordakademiet jobbar tett med bedrifter, kommunar og andre organisasjonar for å sjå på heile utdanningsløpet til ungdomane, frå barnehage til tidleg yrkesliv. Denne heilskaplege tilnærminga skal i størst mogleg grad sikre at ungdomen får moglegheit til å finne sine unike evner, der dei får utforske mangfaldet i evnene sine og der dei vert kjente med eit breitt utval lokale utdanningsvegar og yrke. I framtida skal det verte mykje enklare for ungdomen din å vite kva yrke som passar best og kva arbeidsplass ein ønskjer seg. Nordfjordakademiet skal rett og slett auke kvaliteten på valkompetansen til ungdomen ved å jobbe langsiktig, grundig og tålmodig gjennom barndomen og ungdomsåra deira.

Vi veit kor krevjande det er å vere foreldre. Vi vil difor knyte tettare band til dykk i tida som kjem slik at vi endå betre kan jobbe saman til fordel for ungdomen din. I dette magasinet møter du mange flotte menneske som kan gje deg inspirasjon som foreldre. Du vil sjå at det er mange vegar til målet, at ein aldri må gje opp og at Nordfjord er ein god plass å lukkast på i livet. Jakta på superkreftene er ei spennande reise som speglar sjølve livet, og dei som finn superkreftene sine finn lukka med det same. Del gjerne magasinet med ungdomen og endå betre – les det saman!

Bak frå venstre: Kristin Monica Tjugen, Anders Lødemel, Petter Arnt Løvdahl, Kjetil Svarstad, Leiv Johnny Endal, Tom-Øyvind Solheim. **Framme frå venstre:** Hege Bjørlo Sandbakk, Tonje Bjerkan, Helene Maurset. **Ikkje til stades:** Hilde-Kristin Grimstad Nord



NORDFJORD OPPLÆRINGSKONTOR & NORDFJORDAKADEMIET

Dette er oss!

Nordfjord opplæringskontor blei etablert i 2016 etter initiativ frå fleire næringslivsaktørar for å sikre betre oppfølging, fleire læreplassar og betre samhandling mellom skular og næringsliv i regionen. Nordfjord opplæringskontor dekkjer heile Nordfjord og representerer over 70 lærebedrifter innan privat og offentleg næringsliv, inkludert alle kommunane. Vi følgjer opp over 200 lærlingar og vaksne som tek fagutdanning i regionen vår. Individet står i fokus for oss, og vår jobb er å sørge for at læretida til den enkelte blir best mogleg frå ein er elev, til ein stolt held fagbrevet i handa.



**NORDFJORD
AKADEMIET**

Nordfjordakademiet blei etablert i 2020 og er ein spire med utspring i Nordfjord opplæringskontor. Nordfjordakademiet jobbar aktivt for å auke kunnskapen om yrkesval heilt frå barneskule til vidaregåande skule. Målet er å gi elevane kompetanse på kva valmoglegheiter dei har i livet sitt – med utgangspunkt i lokalt næringsliv. Gjennom dette arbeidet ønskjer vi å medverke til at ungdom som reiser ut for å ta utdanning, kjem tilbake til regionen vår.

Nordfjordakademiet støttar både næringslivet og det offentlege i Nordfjord ved å vere eit bindeledd mellom medlemmer og nordfjordingar som er i utdanningsløp i og utanfor regionen, eller som er yrkesaktive og er flytta frå regionen. Vi skal gjere dei kjende med kva moglegheiter som finst i Nordfjord! På denne måten vil Nordfjordakademiet auke kunnskapen om Nordfjord som arbeidsplass, slik at flest mogleg vil søkje å bu, arbeide og trivast i Nordfjord. Nordfjordakademiet representerer i dag over 30 medlemsbedrifter i ulike bransjar og alle kommunane i Nordfjord, og vi følgjer aktivt opp alle som tek kontakt og ønskjer seg ein jobb eller vil flytte til regionen.



Om Tom-Øyvind

- Supersjef i Nordfjord opplæringskontor.
- Utdanning/erfaring: Lærer, tømrar, marknadsførar, idrettspedagog, dagleg leiar m.m

Stikkord:

- Elskar å jobbe med ungdom og følgje deira utvikling i livet. Elskar Nordfjord, og er gjennomsyra Nordfjordpatriot.
- Fulgt magekjensla og draumane sine. Det har fungert fint så langt.
- Frisk og rask, ingen allergiar, bortsett frå negativitet og pessimisme

Frå Tom-Øyvind 34 år til Tom-Øyvind 15 år

TEKST: Tom-Øyvind Solheim, Supersjef Nordfjord Opplæringskontor
FOTO: Privat

Stol på magekjensla di og skulle du ende opp med å velje noko som viser seg å likevel ikkje vere rett for deg, ja då har du lært masse som du kan ta med deg vidare. Lykke til Tom-Øyvind, og skulle du trenge nokre gode råd, så er det mange som er der for deg! Tom-Øyvind Solheim er supersjef ved Nordfjord Opplæringskontor.

Hei Tom-Øyvind! No nærmar det seg veldig til at du skal søkje på skule. Snart er du ferdig i 10.klasse, og eg veit. Du føler deg usikker no. Du som har det så trygt og godt på skulen din. Fram til no har alt gått som ein leik. Du har fulgt klassetrinna, og du har liksom sleppt å tatt nokon store val. Jo, du har teke val både om valfag og anna. Kanskje valt om du skal halde fram med fotball eller ein av

dei andre fritidsaktivitetane dine. No står du framfor uendeleg med val og mogelegheiter. Kva skal eg bli? Kva om eg vel feil utdanning? Det er jo ein jungel av utdanningsmoglegheiter. Faktisk er det 165 retningar berre innan yrkesfag.

Du synest det heile verkar skremmande du. Korleis skal du klare å velje kva ein skal jobbe med resten

av livet? Det freistar veldig å sleppe og tenkje sjølv, og eigentleg berre gjere det som venar eller mamma anbefaler. Du har jo det så fint, sjølv om eg trur at du er litt lei av å gå på skule no.

Det er jo ikkje enkelt å vite kva du skal søkje. Eg veit du kjenner litt på magefølelsen at det å bli tømrrar kunne vore kjekt. Du har jo alltid likt å snikkere, og har jo alltid vore med pappa når han har snikkert heime i huset ditt. Men du har jo fått beskjed om at du er for flink i matte til det. Eg veit du er litt lei deg. Skal du ikkje søkje tømrrar fordi du er flink i matte. Du trudde jo at det berre var positivt. No veit du ikkje heilt kva du skal gjere. Mange av venane dine har allereie bestemt seg, og akkurat no så følast det ut som du er den einaste som ikkje heilt veit kva du vil.

Men Tom-Øyvind? Det er faktisk fåtalet som veit akkurat kva dei vil bli. Det er ikkje noko stress. Veit du kva? Mange skiftar yrke og jobb veldig mange gongar i løpet av livet. Det er ikkje slik det var når mamma og pappa var unge. Og bonusen din? Det er at for kvar utdanning og erfaring du får, jo meir attraktiv blir du som framtidig arbeidstakar. Berre gløym dei som seier at du kan velje feil. Det går ikkje an å velje feil.

Joda, du vel kanskje noko det viser seg at du ikkje trivast med. Men gevinsten er din, den. Uansett kva du vel, så har du garantert lært noko som du vil ha nytte av. Mest sannsynleg kunnskap og erfaring du kan ta med deg vidare. Ei erfaring rikare. Alternativet var at du i mange år framover skal seie til deg sjølv: Tenk om eg hadde valt det eg eigentleg tenkte då? Trur du eg hadde likt det? Den einaste måten å finne det ut på, er å prøve.

Så til alle som seier til deg: Passar det for deg? Tenk om du vel feil. Er du no sikker på at det er det rette for deg? Mitt råd er: vel «magefølelsen» din. Det du brenn for. Det du kjenner at du har lyst å prøve. Det du kjenner gir deg sommarfuglar i magen. Det skulle vore forbode å seie at du kan velje feil. Uansett kva du vel - så vil det alltid ha ein verdi for deg.

Eg veit det er mange som seier til deg at om du enda ikkje veit - vel studiespesialisering. Så får du 3 år på å finne ut kva du vil.

Tom-Øyvind, studiespesialisering er heilt topp det, om du veit kva du skal etter vidaregåande. Men om du enda ikkje veit - styr unna. Spesielt om du er skulelei. Hadde du sagt til meg at du skulle bli lege eller lektor så hadde eg garantert anbefalt deg å ta studiespesialisering eller YSK. Verdien av å ta eit fagbrev er enormt stor. Mykje større enn dei fleste anar. Med det i handa har du gode moglegheiter for jobb, og du har absolutt like mange moglegheiter som alle andre. Du har jo tenkt på å bli byggingeniør. Då kan eg garantere deg at med fagbrev i botn, så vil det gjere deg både meir attraktiv, men også gi deg den praktiske forståinga som vil vere ein stor fordel om du skal studere dette etter læretida.

Du kan gå på fagskule, du kan halde fram med å jobbe, du kan ta påbygg til generell studiekompetanse. Skulle du ynskje å ta høgskule- eller universitetsutdanning og blir lei studiar, så har du alltid eit fagbrev å dette tilbake på.

Faktisk er det slik at den mest kjærkomne kunnskapen i dagens arbeidsliv, er praktisk utdanning og erfaring. Det har jo til og med statsministeren sagt! Det er der hovudtyngda av jobbar vil vere også i framtida, og i tillegg vil det gi deg stor fridom til å bu der du vil.

Eg veit at ein del av vennane dine har fått beskjed om at yrkesfag er flott, men kanskje ikkje noko for dei. Veit du kva Tom-Øyvind? Det er fordi mange ikkje har nok kunnskap om kva yrkesfag er.

Visste du at bedrifter her i Nordfjord kan skryte på seg følgjande:

- Bygd verdas fyrste elektriske bilferje i kompositt
- Er hovudårsaka til at du kan høyre favorittlåten din på DAB-radioen i tunnelar
- Produserer dei mest bærekraftige katamaranane i verda
- Har hotell og reiselivsbedrifter i internasjonal klasse
- Blir hyra inn når dei mest spektakulære stålkonstruksjonane skal byggjast
- Leverer vindauge til dei mest fancy bygga i Noreg
- Er ein av dei fremste på rørkonstruksjonar i Europa
- Produserer gassautomatar slik folk kan kjøpe gass til grillen etter stengetid
- Har ein av verdas mest kjente merkevarer innan møbel
- Blant dei fremste i verda innan autoline, og produksjon av utstyr til fiskeflåten
- Bygg- og anleggsentreprenørar som blir hyra inn når dei mest spektakulære konstruksjonane skal byggjast

Dette var jo berre nokre få eksempel til deg. Og bak alt dette står eit utal av ulike yrkesgrupper med enorm kompetanse. Og i botn av alt: ei praktisk utdanning.

Eg veit jo at det kjekkaste du veit, er å vere i aktivitet og utfolde deg praktisk. Du har jo ikkje ro i rumpa til å sitte i på same plass i 10 minutt ein gong, det har vertfall læraren din sagt til deg. Eg veit at inne i deg seier magekjensla at det er tømrrar eller lærar du vil bli. Då testar du tømrrar fyrst då, så kjenner du etterkvart om du også vil bli lærar. Vanskelegare er det eigentleg ikkje. All den kunnskapen du får med deg, den er gull verd.

Stol på magekjensla di og skulle du ende opp med å velje noko som viser seg å likevel ikkje vere rett for deg, ja då har du lært masse som du kan ta med deg vidare. Lykke til Tom-Øyvind, og skulle du trenge nokon gode råd så er det mange som er der for deg!

Mari Kvalheim, tavlemontør



Ei av dei som torde å satse på det ukjende

TEKST: Johanne Trollebø Kvalheim
FOTO: Øystein Torheim

Mari Kvalheim (22) er ei av få kvinner i elektrofaget i Nordfjord. Mot til å satse på det ukjende, litt tilfeldigheter og vilje til faktisk å følgje magefølelsen er viktige faktorar i suksessen til Mari. Eit ekstra år på skulebenken førte til at Mari fekk draumejobben ho ikkje var klar over: tavlemontør.

10. klasse hadde ho, som mange andre, inga aning om kva ho skulle utdanne seg til. Ho starta på studiespesialiserande, men enda opp som lærling hos Eid Elektro. Kva skjedde?

Det skadar vel aldri å prøve?

Uvitande og med eit ope sinn starta Mari på studiespesialiserande i Måløy. Ho skjønnte fort at det å sitje på skulebenken med mykje teori i tre nye, relativt like år ikkje var det ideelle for henne. Mari fullførte første året i Måløy, før ho tenkte: Det skadar vel aldri å prøve noko nytt? Eit vagt minne om hospitering på ungdomsskulen opna auga for yrkesfag og elektrolinja på Nordfjordeid.

Nokon vil kalle året i Måløy bortkasta, men vi og Mari ser på det som ei viktig erfaring. Ein omstart på ei yrkesfaglinje var akkurat det ho trong. I løpet av første året på elektrolinja merka Mari kor mykje kjekkare det var å lære gjennom ein kombinasjon av teori og praktisk arbeid. For henne kjendest dette rett ut, og magefølelsen viste seg å stemme. Første året gjekk ho elektro, før ho gjekk vidare innanfor automasjon og til slutt tok fagbrev. Det gav meirsmak å få nytte teori i praksis, så denne forma for læring var midt i blinken for henne. Ho fekk sjå og vere med på at eit produkt blei til, frå start til slutt.

Første kvinne på tavleverkstaden hos Eid Elektro

Det er ikkje til å komme forbi at yrket som tavlemontør er mannsdominert, til liks med yrkesfaglinja elektrofag generelt. Mari var ei av fire jenter blant totalt 24 elevar i kullet på elektrolinja, og blei den første kvinna som jobba på tavleverkstaden i Eid Elektro. Her byggjer ho elektriske tavler, inklusive mekanisk arbeid, og set opp alt av komponentar og koplpar det heile saman. Kvar

tavle er unik og tenkt til forskjellig bruk. Hovudsakleg byggjer ho tavler til tunnelar, men ho har òg vore borti brannskåp og sikringsskåp. Å våge å ta utradisjonelle val er beundringsverdig, men noko Mari ikkje har frykta. «Det er ikkje så gale å gå i klasse med berre gitar, berre litt mindre drama og litt meir griseprat» – verre er det ikkje.

Behovet for noko anna enn Nordfjord har aldri vore der

Mari er fødd og oppvaksen i Nordfjord, nærmare bestemt på Flatraket. Nordfjord har gitt henne alt ho treng i livet, og den trygge, innholdsrike barndommen har gjort henne til ei sjølvstendig kvinne som tør å gjere det ho sjølv vil. Ho har i lengre tid vore open for å bu andre plassar, men det er ikkje mykje som kan slå Nordfjord. Kombinasjonen av vakker natur, folka og eit enormt næringsliv er uslåeleg. «Nordfjord har varierte moglegheiter innan skule, jobb og fritid, noko som passar meg særst bra. For ikkje å gløyme at familien og vennene mine òg er her.» I dag har ho og sambuaren kjøpt leilegheit på Hauane, og om kort tid skal dei tre inn i rolla som foreldre sjølve. Ei ny, spennande og givande tid.

Stol på magefølelsen

Bodskapen frå Mari er klar. Dersom du har ein magefølelse på at du vil noko, så stol på den. Gjer akkurat det du sjølv vil og tykkjer er rett, då angrar du i alle fall ikkje på det i etterkant. Og dessutan: Er du redd for å velje feil, er det umogleg. All kunnskap er bra, og vala du tek, vil uansett gagne deg i form av lærdom på eit eller anna vis. Det blir sagt at ein berre angrar på det ein ikkje har gjort. Kvifor risikere å sitje igjen med den kjensla?

Frå bakarste benk til stortingsbenk

Urokråka frå Sandane sleit på skulen. Men Torbjørn Vereide (33) hadde gode lærarar og ein familie som støtta han på dei krunglete omvegane inn i politikken.

Han vaks opp på bryggekannten på Sandane, somrane med broren både på og under vatn, med symjing og i trebåt med hol i botnen. Når den eine fiska, måtte den andre ause.

– Vi hadde redningsvestar, understrekar han. Elles fekk han boltre seg i alt han var dårleg i, sat mykje på benken i fotball og handball, men alle fekk vere med.

Til Førde og attende

Han sleit med konsentrasjon, skrivning og lesing, og vart urokråka på bakarste benk. Heldigvis hadde Torbjørn mange gode lærarar og ein støttande familie. Etter ungdomsskulen prøvde han å finne rett retning, og valde til slutt ein av lidenskapane; mat.

– Kokkelina og hybelliv i Førde var kjempespennande. Eg var nok ein av dei som flytta på hybel litt for tidleg, vekk frå tryggingssnettet. Lagnaden hadde også gitt meg ein litt for dårleg rygg til kokkeyrket, fortel han. Dermed hoppa han over på grunnkurs i sal og service på Eid, og sleit igjen med motivasjonen. Men det skjedde tre skjelsettande ting det året; brettspellet «Kampen om Nordfjord» og to lærarar.

Verdien av gode referansar

Gjennom ungdomsbedrifta «Brettspel UB» forstod han verdien av teorifaga på skulen. Dei unge gründerane forhandla pris på tysk, skreiv distribusjonskontraktar og avtalar med butikkar, laga budsjett og rekneskap.

– Då teorien vart relevant, fekk eg ny motivasjonen for å lære. Endeleg klarte eg noko! Kontaktlærar Leiv Johnny Endal stilte verkeleg opp.

I samfunnsfagtimane diskuterte elevane politikk, lærar Kjersti Markegård vekte engasjementet i klassen.

– Då ein kompis ville verve meg til Frp, skjønnte eg at eg måtte bli politisk aktiv i eit heilt anna parti. Ap var heller ikkje aktuelt, for det røysta mamma og pappa. Etter ei veke med lesing av partiprogram fann eg til

min store irritasjon at var eg mest samd med Ap, så då vart det sånn. Det viste seg å bli eit godt val.

Etter fullført VG2 studerte han innovasjon og bedriftsleiing i Ålesund. Kvar sommar jobba han, mellom anna som målar, avløyser i silo og bærplukkar.

– Det er kjempeviktig å få brynt seg i ulike yrke, lære korleis arbeidslivet funkar, sjå verdien i yrkesstoltheit, tene eigne pengar og ikkje minst; samle gode referansar til seinare, som viser at du toler å ta eit tak.

Åtaket på AUF

Då han nesten var ferdig med Bachelor, kom den ufattelege datoen 22. juli. Torbjørn overlevde Utøya, men mykje vart sårt og vanskeleg.

– I staden for å fullføre, måtte eg finne på noko praktisk, få litt jord under neglene, fortel han. Torbjørn tok brettspel vidare, og opna mobil restaurant med mexicansk tacos saman med søstera, først i Nordfjord, så i Bergen. Etter kvart etablerte han ein skikkeleg plass, Tacoway.

– Det gav meg ein ny gnist å bruke hendene til noko praktisk. Men det var ikkje dei rikaste åra i livet mitt, og eg jobba opp i 70 timar i veka, hugsar han. Samstundes var det uhyre lærerikt, han merka yrkesstoltheita i restaurantbransjen, der han var i tre år. Då bar det vidare til Førde med jobb i LO Sogn og Fjordane.

Fagrørsla, fagrørsla, fagrørsla

Jord under neglene skal ein absolutt ikkje ha i restaurantbransjen, men no får han det til våren.

Etter at Torbjørn og Karina gifta seg i juni, fann dei eit lite småbruk i Sunnfjord, som dei forelska seg i tvert. Så då vert det potetåker til våren.

– På LO-kontoret arbeidde eg mykje med ungdomar og deira første møte med arbeidslivet. Oppsiktsvekkande mange fekk ein hard start, dei hadde trøbbel med arbeidsmiljø og opplagte rettar.



Skal gje jernet: – Hadde nokon fortalt 14 år gamle meg at eg skulle bli stortingsrepresentant, hadde eg aldri trudd det. No skal eg gje jernet. Om det er noko eg har lært gjennom livet, så er det at vi er sterkare saman enn kvar for oss. Fellesskapet vårt er verdt å kjempe for, seier Torbjørn Vereide.

Dei forstod kor viktig det er å vere organisert. Særleg under pandemien har folk sett verdien av fagforeningar. Som stortingsrepresentant vil eg sette ein knyttneve inn mot uverdige arbeidsforhold og sosial dumping, som er eit svært dårleg signal å sende til dei fagutdanna. Ingen yrke er lågstatus. Det handlar om løn og haldingar, å snakke med respekt om alle yrke, slår politikaren fast.

Eit anker i livet

Torbjørn er berre 33 år, men anar ikkje korleis det er å vere ung i dag. Eit anker heime gjer framtida tryggare, den er tidlaus. Det er heilt greitt å prøve litt forskjellig, slik at ein kan finne noko ein trivest med og kjenne meistring. Då er det gode sjansar for eit godt liv og ekstra energi til å gyve laus på nye ting. All støtte heimanfrå er viktig, om ein er femten eller tretti år.

Ungdom set pris på det, sjølv om dei ikkje alltid viser det, meiner Torbjørn, kanskje av erfaring.

No byggjer han og Karina kjøken på småbruket og gjer det klart til innflytting. Her er det naust med båt, utan hol i dørken vel og merke, det er lakseelv og gode tilhøve for grønsakdyrking til eige bruk. Pendlarbustaden i Oslo er godt innafor regelverket.

– Eg har alltid likt den nordfjordske sjela, men sunnfjordingane er ikkje så verst heller. Det er ein intens og arbeidskrevjande, men mellombels jobb å vere stortingsrepresentant, så det blir fint å kome heim, nyte roen og fiske med folk eg set pris på.

Utdanningstilbudet er stadig i endring, og det dukkar opp nye retningar, nye tilbod og nye namn. At ungdommen er forvirra, usikker og overvelda, redd for å velje feil? Heilt naturleg. At de foreldre er forvirra? Også heilt naturleg. For kva er eigentleg det viktigaste å tenkje på når det gjeld utdanningsval?

Ta eit superval i Nordfjord

TEKST: Johanne Trollebø Kvalheim
FOTO: Øystein Torheim

Vi har teke ein prat med to av superrådgivarane i Nordfjord opplæringskontor, Kjetil Svarstad og Leiv Johnny Endal. Ein samtale alle tiandeklassingar og foreldra deira truleg kan dra nytte av!

Leiv Johnny Endal,
Superrådgjevar
Nordfjord
opplæringskontor

Den første livskrisa?

Det er ikkje til å komme forbi at moglegheitene kan kjennast uendelege. Kva vil du? Kvar vil du? Kva skal vennene dine? Skal du «følgje på» eller velje din eigen veg? Det er mange tankar som melder seg hos ungdommen. Ein kropp i endring, meiningar som endrar seg «kvar minutt», drama i vennegjengen, den første kjærleikssorga, hormona. Alt dette i tillegg til det som kan kjennast ut som eit av dei første store vala i livet. Totalpakken kan vere altoppslukande, og følelsen av at dette er den første livskrisa, er ikkje uvanleg. Det er viktig at foreldra lèt ungdommen kjenne på dette og godtek at for dei er dette eit reelt problem som ikkje berre kan feiast under teppet. Foreldra må ta det på alvor, ikkje snakke det vekk som om det var ingenting, seier superrådgivarane.

Stol på magekjensla

Kva skal ein eigentleg følgje når det gjeld studieveal – magekjensla, hjartet, hovudet? Magekjensla, hjartet, eller begge to, seier Leiv Johnny og Kjetil. Magekjensla er ein indikasjon på det er rett for deg, så våg å kjenne på den. Våg å stole på magekjensla, saman med hjartet, nok til å ta dei vala som gagnar deg best. Om det skulle vere å satse på musikklinja på Sandane, eller gå saman med kompisane på maritim i Måløy, så gjer det. Du kan bli akkurat det du vil, er det mange som får høyre, og vi veit det ofte kan gjere valet vanskelegare.

Moglegheitene kjennest tallause, og presset til å velje rett desto større. Fokuser på kva som er rett for deg, kva akkurat du har lyst til. Berre hugs at kombinasjonen av skuletilbod og næringsliv i Nordfjord er så og seie ein uslåeleg duo, poengterer superrådgivarane.



Ungdommane som veks opp i Nordfjord, er rett og slett utruleg heldige, seier Kjetil.

Som forelder er det viktig å hugse tilbake på kva du sjølv har gjort. Kvar er du i dag, sett på bakgrunn av valet du tok om vidaregåande skulegang? Gjekk du den såkalla rette linja? Blei du elektrikar? Sjømann? Kokk? Musikar? Poenget er at valet tiandeklassingane skal ta no, kjennest som eit stort og avgjerande val for dei, sjølv om det ikkje alltid er like sant. Om dei går dans, studiespesialiserande, helse eller service, har det i det store og heile ikkje så alt for mykje å seie for vidare utdanning. Har dei valt feil linje og må starte på nytt, så støtt dei i det og vis forståing. La dei prøve og feile. La dei kjenne på meistring og vekse som menneske. Då blir dei kjende med eigenskapane sine og kan setje i gang med å dyrke dei. Uansett val og veg vil dei då vere eit steg nærmare det som vil vise seg å vere rett for dei.

Av val kjem alltid lærdom

Bodskapen frå Leiv Johnny og Kjetil er klar og tydeleg. Det er umogleg å velje feil. Av val kjem alltid lærdom, sjølv om det til tider kan kjennast skummelt, stressande og uoverkommeleg. Om du føler at du har valt feil og vil starte på nytt året etter, kva har det å bety i den store samanhengen? Eit ekstra år på skulebenken? Eit ekstra år med lærdom? Kva er feil i det? Uansett kva du vel, og korleis valet utspeler seg, vil du alltid bli ei erfaring rikare, påpeiker superrådgivarane.

Vegen blir til mens du går

Åra på ungdomsskulen kan vere tunge, og motivasjonen for å gjere noko vidare kan vere laber. Sjølv visste ikkje Leiv Johnny kva linje kan skulle velje før kvelden før fristen. Den dåverande rektoren tipsa han om at elektro var framtida. Leiv Johnny lytta til tipset og søkte seg inn på elektrolinja. Lite visste han då at han sjølv skulle jobbe som lærar på same linja og seinare ha Kjetil som elev. Trass to svært ulike vegar tok dei på eit tidspunkt same avkøyringa og utdanna seg til lærarar. Kven hadde trudd at det å gå elektrolinja skulle føre til utdanning innan læraryrket, og at dei seinare skulle ende opp med jobb som superrådgivarar i Nordfjord opplæringskontor? Ikkje Leiv Johnny og Kjetil, i alle fall. Det seiast at vegnen blir til mens du går, og det er Leiv Johnny og Kjetil særskilde gode eksempel på.

Topp tre for frustrerte foreldre

Som forelder ønskjer ein det beste for ungdommane, og å sjå dei uengasjerte og umotiverte kan vere fortvilande. Det er ikkje alltid like enkelt å vite kvar ein skal starte, og kva som er rett måte å motivere dei på. Leiv Johnny og Kjetil peiker på at de foreldre ikkje må vere redde for å spørje om råd på vegner av ungdommen dykkar. Vi veit det er freistande å seie «viss eg var deg, ville eg ...» og såleis råde dei ut frå seg sjølv og sine intensjonar. Dette kan skape eit større gap mellom deg som forelder og ungdommen. Ein skyver dei rett og slett lenger vekk. Hugs å bruke påverknadskrafta di smart, sjå ungdommen som den dei

er og kva ønske dei sjølv har. Superrådgivarane har gitt oss sine tre beste tips til ein frustrert forelder. Vi håper desse kan vere med og gjere det litt enklare å starte samtalen om studieval og vegen vidare.

1. Lytt til ungdommen på deira premisser. Snakk med dei når dei er der mentalt, ikkje berre når du er der.
2. Hjelp ungdommen å finne si superkraft, og hjelp dei med å bli klar over sine sterke sider, talent og interesser og å avdekkje kva dei er gode på.
3. Ver støttande i vala dei tek, uansett kva det er. Ver heller med i en god prat om valet der du sikrar at valet er gjennomtenkt.

Til tiandeklassingen

Valet du står overfor no, kan kjennast stort og usikkert, det veit vi. Vit at du aldri står åleine, sjølv om det kan kjennast sånn nokre gonger. Det er lov å spørje om hjelp, spørje om råd og rettleiing. «Lytt til erfarne fjellfolk», våg å gjere det som kjennest rett for deg, og ha det kjekt på vegen. Ver heller ikkje redd for å ta nokre u-svingar på vegen, du kjem deg alltid fram til slutt. Dessutan er Nordfjord opplæringskontor og Nordfjordakademiet berre ein samtale unna, og superrådgivarane slår gjerne av ein prat eller to dersom du ønskjer det.



Kjetil Svarstad,
Superrådgjevar
Nordfjord
opplæringskontor

CIRKA FEM PÅ GATA

Aksel Myklebust (36), Nordfjardeid

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk først på grunnkurs byggfag i Stryn, deretter gjekk eg vk1 tømrrar i Måløy.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

For meg var valet enkelt. Frå tidleg på ungdomsskulen visste eg at eg kom til å velje tømrraryrket. Eg har alltid vore interessert i å byggje, og heime var eg heldig med å ha fri tilgang til material på garden som eg kunne bruke på diverse hytteprosjekt. Det var ingen som påverka meg i valet, det var heilt naturleg for meg å velje denne vegen.

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Etter at eg var ferdig på vidaregåande, fekk eg lærekontrakt med Veidekke, avdeling Sandane, i to år. Etter militæret fortsette eg i tømrrarjobben i Veidekke, men grunn av ein skulderskade blei eg tvinga til å sjå meg om etter andre moglegheiter. Då kom eg over eit alternativ i Ålesund, byggingeniørstudiet. Der gjekk eg den såkalla Y-vegen, som eg kunne søkje meg inn på med fagbrevet mitt. Eit godt alternativ for fagfolk som har lyst å ta vidareutdanning. Etter fullført utdanning fekk eg meg jobb i Aurstad Tunnel AS som geomatikar/landmålar i 2012. Der jobba eg i 6,5 år. Etterpå tok eg steget opp til anleggsleiar og har jobba som det til dags dato.

Kva er det kjekkaste med jobben din?

Det kjekkaste med jobben min er å vere med på å skape ting som har stor nytteverdi i samfunnet. Det er alt frå store vegar til dam- og kraftprosjekt. Ein møter mange hyggelege folk i bransjen og får oppleve mykje over heile landet. Vi har prosjekt frå nord til sør. Det er alltid kjekt å komme tilbake til området seinare og tenkje på at dette har du vore med på å byggje. God følelse.



på

Wiktor Baczynski (21), Ørsta

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk på kokk- og servitørlinja på Ørsta vidaregåande skule.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

Eg valde denne retninga på grunn av at eg likar å utfordre meg sjølv. Eg følte at kokkeyrket ikkje er for alle, så derfor måtte eg jobbe hardt og vise engasjement om eg skulle bli god. Ingen påverka valet mitt.

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Etter to år på vidaregåande kokkelinje fekk eg læreplass på Gloppen Hotell. No er eg utdanna kokk med fagbrev og jobbar i dag på Fugl Fønix i Ørsta.

Kva er det kjekkaste med jobben din?

Det kjekkaste med jobben min er at du aldri sluttar å utvikle deg i kokkeyrket, og at du stadig lærer nye ting og nye teknikkar.



Lise Fure Håvik (19), Stryn

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk på vidaregåande skule i Stryn. Der valde eg service og samferdsel første året, og så valde eg reiseliv andre året.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

Eg valde denne retninga fordi eg visste allereie på ungdomsskulen at reiselivet var noko eg kunne tenkje meg å lære meir om. Eg har alltid synst det er kjekt å lære om andre land og kulturar og om vertskap, sal og marknadsføring. Noko som påverka valet mitt litt, var nok at då eg gjekk på ungdomsskulen, var eg med på karrieredag på Stryn vidaregåande skule. Då fekk eg høyre korleis det var å gå den linja, og litt om dei ulike faga. Dette gjorde at eg blei endå sikrere i valet mitt.

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Etter vidaregåande valde eg å bli lærling. Då var det resepsjonsfaget eg ville ta fagbrev i. Først var eg lærling på Gloppen Hotell på Sandane i eitt år, deretter bytte eg til Hotel Alexandra i Loen og var der i eitt år. Eg er framleis på Hotel Alexandra og skal ta fagbrev til sommaren.

Kva er det kjekkaste med jobben din?

Det kjekkaste med å jobbe som resepsjonist er å snakke med gjestene. Det er alltid kjekt å sjekke dei inn, svare på telefonar og e-post og å handtere forskjellige situasjonar. Eg har lært utruleg mykje og trur at eg kjem til å få god nytte av det seinare. Men det aller kjekkaste må nok vere å få gode tilbakemeldingar frå gjestene. Då veit vi at vi har gjort ein god jobb, og at dei er fornøgde og kanskje vil komme tilbake seinare.



Joackim Refvik (29), Måløy

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk naturbruk, akvakultur og påbygging.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

Eigentleg ville eg bli styrmann, men etter å ha vore på oppdrett fann eg ut at eg heller ville slå inn på naturbruk. Det som påverka valet mitt mest, var at eg ikkje ville vere vekke halve året. På oppdrett kjem eg heim kvar dag, og eg har fri kvar tredje veke!

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Etter vidaregåande jobba eg litt her og der i to år. Var på Pelagia når der var sesong. Utanfor sesong på Pelagia var eg helgevakt og tilkallingsvakt på Rundereimstranda (Mowi) og tilkallingsvakt i kommunen ved Klokkerhagen og Kvia (omsorgsbustader). Eg tok òg borekurs i løpet av desse to åra. Deretter kontakta eg Mowi og fekk lærlingplass på Beitveit.

Kva er det kjekkaste med jobben din?

Eg kjem ikkje på ein bestemt ting som er det kjekkaste med jobben, men her er mykje kjekt. Ein får jobbe ute kvar dag og køyre båt og kran. Det er mange forskjellige operasjonar og veldig godt arbeidsmiljø, og ikkje minst skiftordninga der vi har fri kvar tredje veke!



Gunnar Fjellestad (41), Sandane

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk på elektrolinja på Nordfjordeid.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

Eg er oppvaksen på gard og var vand til å arbeide praktisk. Det var derfor naturleg å velje ei linje på yrkesfag. At det blei akkurat elektro, var litt tilfeldig.

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Eg hadde læretida hos ei bedrift på Sandane og tok fagbrevet der. Så tok eg teknisk fagskule i Førde. Deretter arbeidde eg som elektrikar i nokre år før eg tok installatørprøva. Eg arbeidde som installatør i ei bedrift i Bergen i åtte år, før eg i 2015 starta mi eiga bedrift, GF design. Eg har stor interesse for faget og er glad i å arbeide. Det har gjort at eg har fått vere med på spennande prosjekt innan bustad, næring, industri og tv-produksjon. No har eg flytta tilbake til Sandane, der eg driv GF design. Vi er to tilsette og driv med elektroinstallasjon og produkt- og lysdesign.

Kva er det kjekkaste med jobben din?

Elektrikaryrket omfattar arbeid med mange typar system som heile tida er i utvikling. Det krev at ein kontinuerleg oppdaterer og utviklar seg fagleg.



Øyvind Starheimsæter (29), Nordfjordeid

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk vg1 TIP og vg2 industriteknologi ved Eid vidaregåande.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

Valet om å gå TIP tok eg etter å ha vore der på skulebesøk i 10. klasse. Eg hadde eigentleg tenkt å søkje elektro, men etter å ha fått ei innføring i maskiner og utstyr som var på TIP, ombestemte eg meg.

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Då begynte eg som industrimekanikarlærling hos West Mekan. Etter lærlingtida hadde eg eit år i Forsvaret, før kom tilbake og fortsette som CNC-operatør/programmerar. Nokre år seinare tok eg fagbrev i CNC-maskinering, og i tillegg tok eg teknisk fagskule på deltid. Dei siste fire åra har eg jobba som avdelingsleiar på maskineringsavdelinga.

Kva er det kjekkaste med jobben din?

Det kjekkaste synest eg er at jobben er variert. Eg sit ein del på kontor, men er òg ofte i produksjonen og maskinerer delar. Vi har stort fokus på kvalitet og finish på det vi lagar, og då er det ekstra stas når ein får gode tilbakemeldingar frå kundane. Noko anna som er kjekt, er at vi får bruke maskinene til litt privatjobbar om vi treng det. Eg skurr ein del motorsykkel på fritida, og då er det veldig greitt å ha tilgang til ein topp moderne maskinpark om ein skulle mangle noko eller det er noko som er øydelagt.



Olaug Wold (48) Selje

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk allmennfag (studiespesialisering) på Firda vidaregåande skule på Sandane frå 1989 til 1992.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

Denne skulen stod som førsteval fordi han hadde eit godt rykte, og eg kjende meg vaksen nok til å flytte på hybel. Linja blei allmennfag (studiespesialisering) fordi eg ikkje heilt visste kva eg skulle utdanne meg som.

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Året etter var eg au-pair i England, der eg også tok to eksamenar i engelsk ved University of Cambridge. Deretter blei det DH i Måløy i to år med grunnfag og mellomfag i engelsk, i tillegg til fonetikk og lingvistikk, før eg utdanna meg til advokatsekretær på MI i Oslo. Eg jobba som vikarlærer i fleire periodar, som linefiskar på fire ulike båtar og i Sparebanken Vest i fire år. Ved sida tok eg lærarutdanning på deltid. Sidan det har eg jobba 13 år på Selje skule, dei siste åtte som inspektør/avdelingsleiar.

Kva er det kjekkaste med jobben din?

Det kjekkaste med jobben min er mangfaldet og variasjonen. Eg får brukt mykje av utdanninga mi og erfaringane mine og får jobbe med menneske i mange aldrar.



Hege-Renate Glosvik Espeland (21), Stryn

Kva linje gjekk du på vidaregåande?

Eg gjekk på vidaregåande i Stryn. Eg tok vg1 helse- og oppvekstfag og vg2 helsefagarbeidar.

Kvifor valde du denne retninga, og var det nokon som påverka valet ditt?

Eg hugsar at det var uaktuelt med tre år studiespesialisering, først og fremst fordi eg var litt skulelei. Eg ønskte å gjere noko litt meir praktisk, og eg var jo generelt interessert i menneske, kropp og helse. Så det måtte bli helselinja. Sjølve valet tok eg heilt på eiga hand, men naturlegvis blei eg meir og meir interessert i faget fordi eg hadde fleire i familien som jobba innanfor yrket. I tillegg fekk vi god informasjon om dei forskjellige moglegheitene i løpet av tida på ungdomsskulen, og ikkje minst fekk vi hospitere litt rundt om.

Kva har du gjort etter vidaregåande, og kva gjer du no?

Først var eg lærling i kommunen i to år for å kunne ta fagbrev som helsefagarbeidar. Deretter tok eg eit år påbygg på Nordfjordeid for å få studiekompetanse så eg kunne søkje på sjukepleia. I dag er eg førsteårsstudent i sjukepleie på HVL i Førde.


Kva er det kjekkaste med jobben din?

Utan tvil det sosiale fellesskapet, det å ha så mange rundt seg, både kollegaer og brukarar, og å kunne hjelpe andre og kvarandre. Det er ein jobb som er svært givande, og der ingen dagar er like, noko som igjen gjer arbeidet spennande, utfordrande og lærerikt.





Handverk, design og produktutvikling
Eid Vgs



Elektro og datateknologi
Eid Vgs



Idrettsfag
Firda Vgs



Studiespesialiserande
Eid Vgs
Stryn Vgs
Firda Vgs
Måløy Vgs




Musikk, dans og drama
Firda Vgs



**YSK/TAF utdanninga
(Studiespesialiserande+fagbrev)**
Måløy Vgs



Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign
Eid Vgs




Landslinje Skiskyting
Stryn Vgs





Teknologi og industrifag

Måløy Vgs
Stryn Vgs
Eid Vgs




Helse- og oppvekstfag

Stryn Vgs
Måløy Vgs



Restaurant- og matfag

Måløy Vgs



Bygg- og anleggsteknikk

Måløy Vgs
Stryn Vgs



Superskular i Nordfjord



Sal, service og reiseliv

Stryn Vgs



Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Måløy Vgs



Naturbruk

Måløy Vgs

Jakta på superkreftene

TEKST: Tonje Bjerkan, Nordfjordakademiet

Kva ville du gjere om du aldri trong å bekymre deg for pengar igjen? Dette er eit spørsmål som ofte triggjar eins sanne interesser og lidenskap.

I dag finst det enormt mange moglegheiter for utdanning og yrke. Det er veldig positivt, men fører òg til at det å ta val blir endå meir utfordrande for barna og ungdommane våre. Skulane våre gjer ein god jobb, men det er ikkje etablert systematiske ordningar for å sikre at barna våre får utvikla interesse og kompetanse rundt det å velje yrke og utdanning. For deg som føresett og viktigaste rådgivar er det vanskeleg å vite kva du skal svare når ungdommen spør om råd.

Ved å setje ungdommane sitt ve og vel i fremste rekkje og fokusere på individet kan vi hjelpe dei til å nærme seg sitt eige potensial. Å finne sine egne sterke og svake sider er ein integrert del av utviklinga for alle, men får ein ikkje utforske dei, kan ein få problem med å tilpasse ferdigheitene sine best mogleg. I verste fall kan ein gå glipp av anledningar til å utvikle grunnleggjande eigenskapar for framtida. Men fortvil ikkje!

Blant alle dei ulike styrkane og svakheitene ein person har, er der som oftast éi dominerande gåve – ein eigenskap, ei ferdigheit eller ei interesse – som er sterkare enn dei andre. Det er dette vi kallar superkrefter – noko ein er flink til, noko ein er meir interessert i, eller noko ein rett og slett trivst meir med å gjere. Superkreftene våre er ofte kjende for oss når vi er barn eller tenåringar, likevel blir dei ofte gløymde eller fell vekk seinare i livet fordi samfunn, lærarar, trenarar og andre ignorerer, minimerer eller til og med angrip vår autentiske natur.

Klarer ein å halde på sine superkrefter gjennom oppveksten og vidare i livet, vil det bli kjelda til eit lukkeleg arbeidsliv og føre til ekstra dyktige arbeidstakarar. Derfor er det å jakte på sine superkrefter så viktig.

Valkompetanse – finne sine superkrefter

Det er eit enormt press på ungdommar og unge vaksne i dag når det gjeld å finne «sin veg» eller å gjere «sine val». Så langt har byane klart å lære opp ungdommen til at det er der lukka i yrkeslivet er. Byane har sikra lokale

ungdommar valkompetanse. «Vi vel byen, der er det moglegheiter til å bli sett og høyrd og bli noko stort.» Og nøkkelen til å finne seg sjølv er nettopp valkompetanse.

Valkompetanse byggjer på ei forståing av at karriere er eit livslangt prosjekt som handlar om å bli bevisst på kven ein er og ønskjer å vere. Valkompetanse er nøkkelen til å kunne handtere stadig nye, små og store valsituasjonar knytte til ulike overgangar gjennom livsløpet. Det er rett og slett evna til å ta gode val.

Det inneber at du har kunnskap om forskjellige måtar å ta eit val på, at du er bevisst på korleis du sjølv tek val, og at du i tillegg er merksam på kva som er viktig for deg. Slik kan ein betre ta informerte og reflekterte studieval og velje eit studium som kjennest rett. I staden for å følgje straumen bør ein lytte til seg sjølv.

Ein av dei enklaste måtane å finne sine superkrefter på, slik at ein vert meir sikker i sitt val, er å leggje merke til kva som fyller ein med glede. Det er ikkje foreldre, lærarar eller venner som skal leggje føringar for kva ein skal bli. Ein bør lytte til si indre stemme og leggje merke til kva oppgåver som gir og ikkje tek energi. Ein må vere villig til å eksperimentere, opne seg for fleire moglegheiter, pushe seg utanfor komfortsona og ikkje vere redd for feilval for å finne sine superkrefter.

Ikkje ver redd for å velje «feil»

Fleire tenkjer at studievalet er avgjerande for resten av arbeidslivet, og at ein må ta det «rette» valet med ein gong. Det stemmer sjeldan. I løpet av eit langt arbeidsliv er det mange moglegheiter til å skifte retning. Det er ganske vanleg å byte jobb, og mange skifter karriereretning seinare i livet.

Ingen kan spå framtida. Det vi veit, er at nye typar jobbar oppstår, mens andre forsvinn. Sannsynlegvis må ein stå i endringar og ta fleire karriereval gjennom livet. Alle utviklar og forandrar seg, og det er ikkje sikkert at det ein finn interessant, viktig og riktig i dag, vil vere det over tid. Då kan det vere fint å vite at ei utdanning kan





“Eg bruker ei maske, og den maska er ikkje for å skjule kven eg er, men for å skape den eg er.”
~ Batman, bind 1, s. 254.

“Kvart barn er ein kunstnar. Problemet er korleis vi kan forbli kunstnarar når vi blir store.” ~ Pablo Picasso

“Når du blir fødd, er arbeidet ditt plassert i hjartet ditt.”
~ Kahlil Gibran

“Heltar blir skapte av vegen dei vel, ikkje kreftene dei er pryda med.” ~ Iron Man

“Livet gir oss ikkje ei mening, vi gir livet ei mening.”
~ The Flash

“Eg trur det er ein helt i oss alle som held oss ærlege, gir oss styrke, gjer oss edle.”
~ May Parker (Spider-Man 2)



kvalifisere til ulike jobbar over tid, og at jobbutsiktene er avhengige av meir enn studievalet.

Det kan vere mange forklaringar på at vi vel som vi gjer:

- Alle andre gjer det.
- Det er ein tradisjon – «eg skal ta over garden/firmaet til familien».
- Det er spennande og utfordrande.
- Andre forventar det – «du som har så gode karakterar, må jo bli jurist!»
- Jobbutsiktene er gode – «eg utdannar meg til sjukepleiar fordi arbeidsmarknaden er god».
- Reklame og media påverkar oss.
- Vi har erfaringar med å lykkast.
- Vi er oppseda til det – «alle i vår familie har høgare utdanning».

Når ein skal gjere eit val, kan det vere lurt å reflektere over nokre spørsmål. Her er nokre forslag til spørsmål som ungdommen din kan stille seg:

- Har eg nok informasjon?
- Kva fordelar ser eg?
- Kva ulemper ser eg?
- Kva blir resultatet av valet mitt?
- Kvifor er dette så viktig for meg?

Alle val er personlege, og det som er rett for deg, kan vere feil for ein annan. Somme bruker lang tid på å velje, mens andre bruker kort tid. Kjenneteikna på eit godt val kan vere mange, men kjenner ein seg igjen i nokon av desse punkta, kan ein vere på rett veg:

- Ein har ei god «magekjensle», det kjennest rett og slett riktig.
- Ein er stolt og glad for valet og sit igjen med ei positiv kjensle.
- Ein viser valet til andre, og det kjennest fint å fortelje andre kva ein meiner, set pris på og prioriterer.
- Valet har vore frivillig.
- Fleire alternativ har vore oppe til vurdering.
- Ein har vurdert konsekvensane og utforska positive og negative sider.

Så korleis ta eit val?

Tips: Prøv nye ting, ta ein personlegdomstest, lag ei liste over interesser, spør andre kva som er dine beste eigenskapar, utforsk nye erfaringar. Lukke till!

Prøve og feile: Det er viktig å prøve ut ulike yrke før ein tek eit val. Lærarutdanninga er dessutan eit godt utgangspunkt til andre jobbar seinare, seier Høgrepolitikaren Elisabeth Hatlenes.



Davikjenta

TEKST: Marit Kjersti Bendz FOTO: Privat

som droppa ut
– og inn att

Elisabeth Hatlenes (41) slutta på vidaregåande og skaffa seg arbeidserfaring i staden. - Valet etter ungdomsskulen handlar om mykje meir enn retning og fag, meiner ho.

Tolv år gammal flytta familien frå Måløy til Davik for å ta over garden til besteforeldra. For mange er det problematisk å flytte i den alderen, men ikkje for Elisabeth.

- Eg omstilte meg raskt, det handlar mykje om personlegdom også, seier den nye rådgjevaren og koordinatoren i Nordfjordrådet.

Trist hybelliv

Sjølv om Eid ligg berre 45 minutt frå Davik, er det tradisjon blant ungdomane i bygda å flytte på hybel når ein byrjar på vidaregåande. Sjølv valde ho Måløy. Sekstenåringen hadde ikkje peiling på kva ho ville, og følgde rådet til foreldra om å ta allmennfag.

- Eg var den einaste i mi klasse som budde på hybel. Etter skuletid fór alle dei andre heim, medan eg sat i det store, tomme huset som foreldra mine framleis eigde. Det var stussleg, ingen aktivitetar på skulen om kveldane, ikkje noko fotball, som eg var så glad i. Så eg droppa ut etter nokre månader.

Dermed flytta ho heim og sorterte laks og aure ved Davik fiskeindustri resten av skuleåret.

- All jobberfaring er nyttig. Far min lærte meg at lediggang er rota til alt vondt, at det alltid er råd å finne ein jobb og det er viktig å tene egne pengar.

Fritidstilbod viktig

Politikarane bestemmer kvar studieretningane skal vere, men dei ser ikkje behovet til ungane når det gjeld til dømes fritidsinteresser.

- Nokon vil til Førde på grunn av volleyball, andre til friidrettsmiljøet på Sandane. Når ein er 15-16 år er det så mange andre ting ein tenkjer på enn kva ein skal «bli når ein blir stor». Det er viktig at både foreldre og rådgjevarar ser dette. Motivasjonen er også ulik. Nokon er dritlei skule, medan andre er fulle av ambisjonar. Det sosiale presset, jaget etter karriere og å ta dei rette vala har vorte større sida den gongen, meiner ho. Dessutan er det betre nettverk og fleire tilbod for hybelbuarane no, også i Måløy.

Den våren vart Elisabeth kjent med ein gjeng jenter, som no bestemte seg for å reise til Førde på skule og bu ilag. Davikjenta byrja på Helse og sosial grunnkurs, og dette vart eit meir sosialt liv enn i Måløy.

- Mykje fest og moro, film og kortspel, mimrar ho.

Reirbygging

Året etter valde ho Måløy att, og VG1 Barne og ungdomsarbeidar. Samstundes jobba ho på sjukeheim, og samla enda meir erfaring. Studiekompetansen kom på plass i Bergen, det same gjorde eksamen i fysikk og kjemi, for no ville Elisabeth bli tannlege.

Men så dukka det opp ein stryning. Det dukka opp ein



veksande mage, det kan lett skje. Så vart det reirbygging i staden for studie ein periode. Men å bli forelder betyr ikkje ein bom for vidare utdanning. Elisabeth tok fireårig lærarskule på tre år og flytta heim til Davik i 2009.

- Jobbane i butikk, på Ikea og sjukeheim, lærte meg om menneskeverd og å vere noko for andre. Men og at turnusyrke ikkje var noko for meg. Eg ville ha fri når ungane har fri.

Foreldra som førebilete

Det er ein samanheng mellom å fullføre, same kva, og psykisk helse. Dessutan går utanforskap lett i arv. Elisabeth trur det er viktig at barn opplever at foreldra går på jobb, same kva.

- Foreldre må lytte til behova til ungdomane. Vidaregåande skule endrar seg heile tida, det er vanskeleg å henge med og sette seg inn i stadig nye liner og retningar. Skulane bør vere flinkare til å ta med elevane på bedriftsbesøk, vise kva jobbar som finst og møte lærlingar, til dømes ved Simona Stadpipe og Elkem. Foreldre ser lett berre dei tradisjonelle faga. Det er ingenting som heiter «berre» ein mekanikar, Nordfjord treng mange fagarbeidarar for at næringslivet og det offentlege skal gå rundt. Eit fagbrev er like viktig som ein mastergrad.

Elisabeth innrømmer at ho ikkje forstod kor bra Nordfjord er før ho flytta heim. Verdskapinga som skjer, samanhengen mellom vidaregåande, arbeidsplassar og ressursar. Fjord og fjell...

- Jo da, han får flytte på hybel, legg ho brått til med tanke på sonen.

- Målet til oss foreldre er jo å gjere ungane våre sjølvstendige, vi må førebu dei på vaksenlivet.



Hotelldirektør Preben Moen er lite sjølvhøgtideleg, men oppteken av fotefara vi set etter oss.

Turbodirektør med skateboard

TEKST: Marit Kjersti Bendz
FOTO: Christer Olsen

I følgje han sjølv er Preben Moen (31) teoretisk tilbakestående, fekk 1 i norsk og var ein skikkeleg dritunge på ungdomsskulen. - Derimot hadde eg 6 i gym, og på grunn av World of Warcraft vart eg sabla god i engelsk.

Han voks opp på Gloppen Hotel, der faren var direktør.

- Eg skal bli kokk, sa sjuåringen.
- Eg treng eit skattekort, sa han som åtteåring.

Han nådde knapt opp til skranken på likningskontoret på Sandane, men skattekort fekk han. Dermed vart det barnarbeid i skrubben og blå, alkoholfri drink når dei andre tok lønningsspilsen. Men lønsslipp fekk han ikkje før nokre år seinare.

I kjappaste laget

Familien har hus på Gran Canaria, så den urolege ungdommen gjekk ungdomsskulen der.

- Vi var to klovnar i klassen og hadde ein ganske ufin lærar som mobba oss. Vi starta ein underskriftskampanje for å få sparka ho, men det gjekk jo ikkje. Det vart mykje oppstyr og samtalar med mor og far. Forholdet til læraren vart ikkje betre etter det, så der var eg nok litt for kjapp...

Preben ville framleis bli kokk. Trass i dårlege karakterar, kom han inn på kokkelina i Førde, kanskje på grunn av dysleksien og statusen som direktørson, trur han sjølv.

- Lærar Håkon Bjåstad betydde mykje for meg, «eg veit kva som bur i deg», sa han då dei andre elevane vaska opp medan vi to stod ute og røyka.

- Då eg vart assisterande kjøkensjef, 19 år gammel, kørde eg kabriolet og tente meir enn far min, ler han. For kokkekarrieren gjekk til himmels, frå Teaterkafeen til Dr. Holms på Geilo og kjøkensjef på Engø gard på Tjøme.

Bratt læringskurve

Brått vart han den yngste hotellsjefen i landet, berre 22 år gammel. Det var ikkje hans eige val. Året er 2013, det er påske, og faren Dag døyr brått på Gran Canaria. Preben drog rett heim. Han hugsar første dagen og 17. mai, elles er våren og sommaren eit svart hol i minnet til den unge hotelldirektøren. Først i september byrja han å kome til seg sjølv.

- Då oppdaga eg at vi både var på randen av konkurs, og at eg ikkje kunne noko om hotelldrift. Eg kunne berre lage saus. På grunn av utbygginga nokre år før hadde vi stor gjeld. Vi var så underbemanna at vi som var att jobba oss mest ihel. Eg budde på rom 105, guterommet mitt, var direktør om dagen og kokk om kvelden.

Familievenen Vidar Ødelien, direktøren på Sunnfjord hotell i Førde, vart redninga. Saman sette dei opp eit budsjett for 2014, med papir og blyant. Året etter fekk Gloppen hotell prisen "Norsk på menyen" frå Matmerk og Preben vart kåra til "Helt sjef" blant 405 nominerte unge leiarar.

Å bruke kreativiteten rett

Når han sjølv har vurdert lærlingar og sommarvikarar, har erfaringane frå eige liv vore viktig å ha med seg.

- Med praktisk utdanning kjem du tidleg ut i arbeidslivet. Vidare utdanning kan du ta seinare. Du kan jobbe og studere på si – ja, ikkje eg da, for eg kan ikkje lese ei bok. Det viktigaste er at dei får prøvd seg, forstå korleis dei kan løyse praktiske problem og sette konsept ut i livet. I hovudet mitt gjev praksis flest studiepoeng.

Snittalderen for restaurantkokkar er 27 år, og det er uendeleg med moglege vegar med fagbrev. Dessutan er det jo stor manko på kokkar no, på grunn av pandemien.

- Dersom tenåringen din er ein Duracell-kanin, lat han eller ho vere det. Eg gjorde masse rart eg ikkje skulle gjort, og det vart folk av meg. Det gjeld å finne måtar å bruke kreative evner på. Det er der jobbane er i framtida, meiner han. Ikkje alle kan jobbe i bank. Sjølv har han lært seg å få utløp for energien og kreativiteten, og bruke sinne på rett måte.

- Eg kan bli ufin om nokon prøver å lure meg, men er hyggeleg og snill 99 prosent av tida.

Flaks

I 2018 var ein epoke over, og Gloppen Hotel vart seld til Classic Norway Hotels.

- Redsla for å kome i same situasjon som i 2013 sat djupt. Eg er ikkje så opptatt av pengar, men ønskjer at det familien har bygd opp skal leve vidare. Og med tanke på Koronaepidemien, var det jo eit gunstig tidspunkt.

Han er framleis direktør, med sine ADHD-tendensar og tilhøyrande sprudlande kreativitet. E-post og Excel er ikkje noko for Preben, men han er rå i hovudrekning. Det er ikkje heilt innafor i ein profesjonell hotellkjede.

- Det er trygt, men lufta går litt ut av meg. Det er kanskje ikkje smart å vere leiar på same plassen i altfor mange år heller, særleg om ein er i overkant kreativ.

- Eg treng nokon som held meg litt att, det vert lett for mange prosjekt, innrømmer han.

God og dårleg vin

- Status er ein merkeleg ting, seier han brått. Preben vart singel sist sommar, og har vore innom nokre datingappar, og undra seg over krava til damene.

- Du skal helst ha ein bachelor eller master. Er det det viktigaste?

Kanskje er det difor han er i ferd med å utdanne seg til vinkelner i tillegg til full jobb, og vurderer nettopp ein bachelor eller master?

Om Preben sjølv får barn, håpar han dei vert interessert i idrett av noko slag, at dei har konkurranseinstinkt og får brukt energien sin positivt.

- Så skal eg lære dei skilnaden på god og dårleg mat og vin, men elles ikkje påverke dei, slår han fast. Sjølv var han så ivrig med skateboardet at han tok bussen til Førde for å rulle i skatehallen. Han har det enda. Det ligg i Teslaen.

Framtidas jobb


Utviklinga går stadig raskare, og ein kan bli litt bekymra for kva typar jobb som vil vere tilgjengelege i framtida. Vi høyrer stadig om at automatisering, digitalisering og robotisering vil ta over tradisjonelle yrke og arbeidsplassar. Så kva skal ein utdanne seg til, og vil det vere jobbar igjen til oss menneske? Ta det med ro. Det er mange ting robotane ikkje kan og vil slite lenge med å få til, og samtidig dukkar nye typar arbeid opp.

Det er dagens sjukepleiarar som skal bli framtidas sjukepleiarar, det er dagens tømrrarar som skal bli framtidas tømrrarar, og det er dagens ingeniørar som skal bli framtidas ingeniørar, godt hjelpte av alle dei som er på veg ut i arbeidslivet no. Det som er viktig, er å vere kreativ og nysgjerrig på korleis framtida vil bli. Dette startar allereie når ein går på skulen.

Og korleis skal ein bli ein super yrkesaktiv og stadig lære seg nye ting? Jau, ved å jobbe med noko som ein liker og er interessert i. Det å kunne lære nye ting er ein av dei viktigaste eigenskapane ein har, både som student og yrkesaktiv. Kven har ikkje slite med å få til noko som ein ikkje interesserer seg for, og kor «enkelt» er det ikkje å lære


nye ting om det er noko ein allereie synest er kjekt og har interesse for? No når du skal hjelpe ungdommen din med å ta sitt første(?) val i utdanningsløpet, må du hugse at læring ikkje stoppar med skulen. Med dagens rivande teknologiske utvikling er livslang læring viktigare enn nokon gong, og derfor er det spesielt viktig å velje noko ein har interesse for, ikkje det kompisen eller andre måtte meine ein burde gjere.

Det er framleis stort behov for flinke og lærevillige folk i heile Nordfjord, og slik vil det vere i framtida òg.



Kva type arbeidskraft har de størst behov for i dei næraste 3 åra? Fleire svar muleg

Besvart: 149 Hoppet over: 19



Dei neste 3 åra skal 2/3 av bedriftene tilsette faglærte og ingeniørar, 1/3 skal tilsette ufaglærte og nesten 30% skal tilsette personar med bachelorgrad.

Kanskje er det romfartsingeniør, opplevingsdesignar, dronesjåfør eller AI-coach ungdommen din vil bli?

Nøkkelpetansen vi treng, og som vi skal styrkje, er kreativitet, empati og kritisk og strategisk tenking.

Nicklas Larsen, seniorrådgivar ved Institutt for fremtidsforskning i København.

(Kjelde: kapital.no, 6. aug. 2021, Åtte jobber for fremtiden)



kapital.no

Du blir ditt eige varemerke, og det viktige er først og fremst kva du kan i dag, ikkje kva slags utdanning du tok i går.

Jan Sollid Storehaug, CEO Tenk Digitalt AS.

(Kjelde: storehaug.no, Livslang læring og fremtidens jobber)



storehaug.no



Visste du at ...?

I 2060 må 1 av 3 arbeide i helse- og omsorgsyrke for å kunne dekke behovet.

Alle elevane i Nordfjord som ønskte seg lære plass hos våre bedrifter, fekk lære plass i 2021.

Nordfjord har eit rikt og mangfaldig næringsliv som har behov for alle utdanningar.

Du kan ta dans, drama, musikk og idrett samtidig som du tek studie-spesialisering.





Som lærling får du lønn medan du er i vidaregåande opplæring, og du får eit fagbrev som er verdifullt resten av livet.

Berre i Nordfjord kan ein utdanne seg i over 200 ulike yrke.

Fullført læretid og fagbrev gir deg rett til påbygging til studiekompetanse (vg4). Du kan dermed ta vidareutdanning på mellom anna høgskular.

Dei fleste yrkesfag kan òg tilby fagskuleutdanning.

Innan 2035 kjem vi til å mangle ca. 90 000 fagarbeidarar i Noreg.

Fastlegen: Foreldre er støttespelarar og må innsjå at vegen vert til medan ein går. - Det er fint at dei unge samlar seg erfaring og tek på seg ansvar, men eg ville ikkje atteleta for mykje om tenåringen ikkje vil ha sommarjobb heller, seier Veronica Elde.



Mellomtrinn til medisinen

TEKST: Marit Kjersti Bendz
FOTO: Jon Olav Bakke Nesvold

Allereie i barnehagen sa Veronica Elde (30) frå Ålfoten at ho skulle bli lege. Men etter å ha jobba innafor helse og omsorg, var fastlege det siste ho ville bli. Heller koreografi!

dag er ho fastlege på Nordfjoreid.

– Foreldre må vere forsiktlige med å legge føringar og forventningspress, og late dei unge ta ansvar sjølv. Eg kan bruke utdanninga mi til mykje anna enn å vere lege. Men dei som står framfor valet må også realitetsorientere seg litt, om det vert lett eller vanskeleg å få seg jobb, meiner ho. Men ingenting er spikra. Det er betre å angre på noko ein har gjort enn ikkje har gjort.

Tidleg ansvar

Dei som har hatt ein fin oppvekst, ynskjer gjerne at ungene skal oppleve det same. Difor flyttar mange heim når dei stiftar familie, slik Veronica gjorde i 2018.

I Ålfoten kunne Veronica og dei andre ungene boltre seg fritt og skulen var todelt med få elevar.

– Det var sikkert utfordrande for lærarane med fleire årskull i kvar klasse, men dei var flinke til å tilpasse undervisninga til kvar enkelt elev, og det sosiale læringsutbyttet var stort, fortel ho. Jenta var glad i teoretiske fag, og valde allmennfag då ho ikkje ante kva ho ville seinare. I feriane jobba ho mellom anna ved bustader for funksjonshemma i Svelgen.

– Det er viktig å kjenne på ansvar tidleg, lære kva yrkeslivet er. Eg var ung og idealistisk, og hadde mange tankar om korleis ting skulle vere. Politikarane ser ikkje ut til å forstå at helse er, og vil alltid vere, ein utgiftspost, og det gjev ikkje helsevesenet dei beste rammene. Difor tenkte eg at det er eit stort ansvar å vere fastlege, så det skulle eg iallfall ikkje bli.

Danseglede

Veronica dansa seg gjennom dei tre åra på Eid vgs, som deltar i pilotprosjektet «Dans utan grenser» og i fleire roller i dei første musikaloppsettingane på Operahuset Nordfjord. Dans vart ein lidenskap i livet hennar.

– Eg var ikkje noko stort teknisk talent, men fann stor glede i dansen, saman med danselærer Candice Bredesen. Det var danseverkstad og helgesamlingar, eg var koreograf på russerevyen og tok balletteksamen med sensor frå England. Og eg ville danse meir.

Hybellivet var både på godt og vondt, men det lærte ho å ta ansvar og vere disiplinert, noko som gav fordelar vidare under studie og i jobb.

Etter vidaregåande vurderte ho å søke på ei musikalline i England, men den tok ikkje inn elevar det året, så ho måtte i tenkeboksen att. Ho var rådvill, og bestemte seg for eit år på folkehøgskule i mellomtida.

– Eg kom inn på danselina på Trøndertun på Melhus. Det var eit utruleg kjekt år, samstundes fekk eg tenkt litt og laga prioriteringsliste. Liverpool Institute of Performing Arts (LIPA) hadde «audition» på skulen, eg var ikkje i nærleiken av opptak, men det var kjekt å prøve. Då fann eg ut at det var på tide å kome attende til skulebenken.

Tvilande medisinstudent

Valet stod mellom Norges handelshøgskule og medisinstudiet, eller reise til Australia eit år.

– Eg kom inn på januaropptaket til medisin i Oslo, noko familien min var veldig nøgd med. Men eg kjende jo litt på forventningane, så eg gjorde det klart at kanskje eg slutta om dette ikkje var noko for meg. Eg voks opp med besta og mamma, som ikkje hadde høgare utdanning. Banda til tantar og onklar var og sterke, og vi hadde mange gode diskusjonar i familien. Dei er vande til at eg er sta og alltid går mine eigne vegar, ler ho. Den hausten var ho instruktør på dansestudioet til Christine Gaustad i Måløy og vikarlærer på Davik oppvekstsenter.

Ein treng ikkje ta heile medisinstudiet i eitt. Etter to år hadde studenten trong for ein pause.

– Eg jobba på Rikshospitalet og som inspektør på Edderkoppen teater før eg backpacka åleine ein god månad i Sørøst-Asia. Eg måtte jo ha noko å fortelje studiekameratane etterpå!

Heimover

Då ho møtte kjærleiken i ein annan nordfjording, kom tanken på å flytte heim.

– Eg har alltid visst at eg ville ta ei fleksibel utdanning så eg kunne flytte heim om eg ønska det. Etter sommarjobbane på Nordfjord sjukehus, kjende eg litt til kva som var mogleg i denne regionen. Erik har fast jobb her med lakseoppdrett. Når ein først har kome heim og fått barn, er det ikkje så attraktivt å bryte opp att, konkluderer ho. Frykten var at det var få på deira alder, men tilflyttinga til Eid er god. Det er overraskande mange som får med seg partnarar frå andre plassar også.

To verder

Veronica kan like både by og bygd, det er to heilt ulike verder. Her kjenner vi naboane. I romjula har ho testa ut nye ski. Terskelen for å kome seg ut er lågare her, ein slepp alt styret med kø og parkering. No er familien på husjakt, gler seg til opne dører og ungar som flyg ut og inn som dei vil.

Fastlegen hadde mammaperm då Koronaen braut laus, det var veldig annleis å kome attende på jobb i september 2020. I studietida tenkte ho på «Leger utan grenser», men no ynskjer ho å halde fram som fastlege, finne balansen mellom jobb og fritid. Det har vore mykje snakk om kor fælt fastlegelivet er, at det er vanskeleg å rekruttere.

– Arbeidsbelastinga er stor, ansvaret er stort, pandemien har synt kor skjørt helsevesenet har vore lenge. Staten må meir på bana når det gjeld rammene til fastlegeordninga, for eg liker jobben veldig godt, konstaterer jenta som la ballettskoa på hylla.

– Men så snart eg finn balansen mellom jobb og fritid, skal eg ta dei fram att.



Vi har tatt ein prat med vår gode venn og relasjonshøvding Marco Elsafadi.



Ungdoms- kviskraren

TEKST: Marit Kjersti Bendz
FOTO: Silje Katrine Robinson, Megafon og Leiv Johnny Endal

Dersom Marco Elsafadi (45) hadde følgd si eiga magekjensle, hadde han vorte tømrrar. I staden lytta han til dei han hadde tillit til. Det valet angrar han framleis på.

Det viktigaste vi kan gje ungar er eit godt forhold til seg sjølv, og til andre. Då vert dei tryggare på eigne val. Mange vel som dei andre, men dei må forstå at det er lov å velje sjølv, ikkje utifrå kva mamma og pappa, vener og rådgjevarar meiner.

Trena seg sjuk

Familien frå Libanon var på flukt, først til Tyskland, så til Noreg då Marco var ti år.

- Det var kjipt å miste alle venene i Tyskland. Men far, mor og vi syskena hadde kvarandre. Det var oss mot verda. Foreldra mine har ikkje høgare utdanning, så vi gjekk på oppdagingsferd ilag. Men eg fekk feil råd frå dei eg hadde tillit til, fordi eg hadde alt for gode karakterar, ler han. Gå idrettslina, sa dei til den dyktige basketballspelaren. Så gjorde han det, men angrar framleis.

- Andre året kollapsa eg på grunn av for mykje trening. Kroppen var heilt nedkøyrd utan at eg hadde merka det. Så byta eg til allmennfag og då losna det.

Men er det for seint å bli tømrrar, då? Marco ler, det er ikkje første gongen han får det spørsmålet.

- Skulle eg teke fagbrev no, i tillegg til tre ungar og full jobb, ville eg ha brukt 20 år! Det får heller vere.

Finne sin eigen veg

- Ungdom lyttar til folk dei liker. Du må aldri stille høgare krav enn det som er innanfor relasjonen. Og det nyttar ikkje å endre ein ungdom, det må dei gjere sjølve, slår han fast.

Han prøver å gje ungdomen tru på seg sjølv og kunnskap om alternativa. Kva ynskjer du å jobbe med? Menneske eller tal? Jobbe sjølvstendig? Det er masse alternativ, prøv dei ut. Ein kan gå vidare frå tømrrarfagbrev til byggmeister og vidare til ingeniør. Alle yrkesval er like nyttige og viktige. Ingen jobbar treng å vare resten av livet.

- Nokon elsker tal, men eg hadde klikka etter ei veke som revisor, grøssar han som elsker menneske, og særleg dei som kavar litt.

Statusen til yrkesfaga

Mange sommarjobbar er borte, teknologien har gjort terskelen høgare for strøjobbar.

Men Marco ser ei god utvikling når det gjeld statusen til handverksyrka, også blant foreldre.

- Problemet er gjerne at alle rådgjevarar er akademikarar, og har lett for å snakke om det yrkeslivet dei sjølv kjenner, trur han, og meiner at yrkesfaga kan ta litt ansvar og tipse rådgjevarane. I dag er det ofte berre på yrkesmessene tiandeklassingane får ein smak av yrkesfag, og ser at det kan vere gøy. Men det har vorte meir synleg at det er ein trygg og rask veg ut i jobb. Akademia er meir risikabelt.

Dei sinte unge

Marco kjenner lærarar som etter år i skulen får eit hjarte for dei som slit ekstra, for dei unge og sinte, og heller vil hjelpe dei. Sjølv har han ei lang merittliste som basketballspelar, men og innafor arbeid for sårbar ungdom. Han vart Mesternes Mester i 2014, men å bli «Årets forbilde» under Idrettsgallaen i 2006 og få «Åpenhetsprisen» av Mental Helse året etter, var viktigare for den ettertrakta føredragshaldaren. Engasjementet for ungdom har ført til fleire verv i utval for regjeringa, og hans heilt unike evne til å snakke med ungdom på deira eigne premiss vart tidleg oppdaga.

Nokon såg talentet

William var lærar og far til ei jente Marco trena då han var 20 år. Faren var imponert over korleis den unge basketballspelaren handterte ungane, og særleg kontakten han fekk med sinte, utagerande gutar.

- Du har talent for å snakke med ungdomar, sa han, og spurte om eg ville ha vikartimar på skulen hans, med særleg ansvar for unge innvandrgutar. Eg trudde han tulla med meg, dette er Marco, ekspert på å snakke med ungdomar, liksom. Korleis skal eg kunne rådgje lærarar? Men forventningane planta noko positivitet i meg.

Først måtte han bli kjent med dei. Ungdomen er ekspert på seg sjølv. Han bygde alliansar, var venleg og starta opp eit skulelag i basket, som trena fast kvar veke.

- Rolla mi som trenar gav meg eit mandat, dei såg opp til meg, vi fekk «connection». Først då kunne eg spørje; kvifor er du så sint?

Eit godt menneske

Då Marco søkte lærarjobb i Bergen, sa William at han ville vere referansen hans.

- Slik lærte eg at å vere «ein likandes person» er nøkkelen til neste dør, til dømes ein lærlingplass. Nettverk og gode referansar betyr alt. Ingen lærer dei unge kor viktig dette er. Dei fleste får jobb gjennom nettverket sitt, slik er det berre.

Ingen vert lykkeleg av gode karakterar og lågt fråvær. Psykisk helse er mykje viktigare. Når dotter mi på 13 år kjem heim frå skulen, spør eg ikkje; kva lærte du i dag. Eg spør kven ho leika med, om ho har vore snill med nokon eller om nokon har gjort noko fint for ho.

- Dotter mi kvir seg til mattekarakteren allereie. Så mykje energi dei bruker på karakterjaget! Får du 1 eller 2 i matte er det greitt, seier eg. Den karakteren definerer ikkje deg. Men det er jo viktig for å få ein god jobb og eit godt liv, resonnerer 13-åringen. Slike tulletankar må vi som foreldre nøste opp i. Det viktigaste er at du blir eit godt menneske.

Så når nokon spør dotter til Marco om kva ho skal bli, svarer ho: Eit godt menneske.

Hjelp ungdommen til å senke skuldrene

Ver nysgjerrig og interessert!

Bruk felles aktivitet som utgangspunkt for ein god samtale

«Lyset må vere på, og nokon må vere heime»

Vis at du har trua på ungdommen din

TEKST: Hilde-Kristin Grimstad Nord, Superfritidssjef
FOTO: Øystein Torheim



Den gode samtalen

Tips og råd til deg som foreldre/føresett

Vanskeleg å snakke med ungdommen din

Synest du det er vanskeleg å snakke om framtidsplanar med ungdommen din? Då kan det vere lurt å snakke med han/henne når «lyset er på» og vedkommande «er heime», altså når ungdommen er mentalt til stades og i modus til å snakke om temaet.

Felles aktivitet som utgangspunkt for samtale

Kanskje har du opplevd den gode samtalen med den håpefulle når de held på med ein aktivitet? Til dømes kan fjellturar, lærekøyring, vedkløyving og fisketurar vere fine utgangspunkt for samtalar. Å spele dataspel i lag kan vere eit anna, så lenge aktiviteten er lystprega. Det handlar om å komme i posisjon til den gode praten når ungdommen er motivert for det.

Ver nysgjerrig på ungdommen sine interesser

Då kan du setje i gang «dei små grå», og barnet ditt kan bli betre kjend med seg sjølv og sine eigne verdiar («kven er eg?»). Ver open for tankane og ideane til ungdommen din. Aktuelle spørsmål du kan stille ungdommen: Kva er viktig for deg? Kven er forbildet ditt? Kva gir deg meistringskjensle? Kva blir du motivert av? Kvar vil du bu? Er det noko spesielt du ønskjer å forbetre eller bidra med?

Forskning viser at å medverke positivt og vere ein nyttig bidragsytar i samfunnet er ein viktig faktor for eit godt liv (usn.no). Ungdommen bør oppmodast til å bruke både hovudet og hjartet når han eller ho skal gjere val for framtida.

Ikkje samanlikn ditt barn med andre sine

Din ungdom er unik og har sine eigne kvalitetar og evner. Det som er rett for andre, er ikkje nødvendigvis rett for barnet ditt. Vis heller at du har trua på at avkommet klarer å ta eigne val sjølv om det er vanskeleg (utdanning.no).


Stor påverknadskraft

Hugs at du som forelder/føresett har stor påverknad på tenåringen sitt val. Unngå å meine for mykje eller leggje føringar ut frå eige utgangspunkt. Kanskje du ikkje er heilt oppdatert på moglegheitene i dag? Bruk heller deg sjølv som døme: Kva gjer deg stolt og glad i eigen jobb? Jobbar du med det du først utdanna deg til? Gi tryggleik på at vegen ofte blir til mens du går, og at det går heilt fint å endre retning undervegs. Hjelp ungdommen til å senke skuldrene. Vis at du er til stades og kan vere ein støttespelar i prosessen (usn.no).

Kvar kan du finne ut meir?

For å hjelpe ungdommen kan det vere lurt å vite kvar du finn meir informasjon. Til dømes kan utdanning.no og vilbli.no vere stader å begynne. I tillegg til oss kan du ta kontakt med rådgivarar både på ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane. Høyr gjerne på ein podkast om temaet: «Hva skal jeg bli – og hvordan skal jeg bli det?» laga av Universitetet i Sørøst-Norge.

FINN DINE SUPERKREFTER!



Scan koden og fyll ut dine interesser!
 Nordfjord opplæringskontor og
 Nordfjordakademiet vil gi deg råd om
 yrker og utdanning basert på dine val.



JAKTA PÅ SUPER- KREFTENE



Nordfjord Opplæringskontor

Hegrevegen 1, 6783 Stryn

Tlf: 906 28 383

Epost: hei@noropp.no

superlarling.no
facebook.com/superlarling
instagram.com/superlarling



**NORDFJORD
AKADEMIET**

Nordfjordakademiet

Hegrevegen 1, 6783 Stryn

Tlf: 940 57 325

Epost: tonje@nordfjordakademiet.no

nordfjordakademiet.no
facebook.com/nordfjordakademiet
instagram.com/nordfjordakademiet